

Stor forandring på spennande gjerde

30.08.2012



Mange har nok lurt på korleis det spesielle gjerdet ved SPAR ville verta når det er ferdig. Dei fleste har nok kjent seg trygge på at resultatet vert bra, når dei veit at mannen som har oppdraget heiter Ove Stokka. Han har laga mykje fint før, også her i bygda. No nærmar han seg slutten på prosjektet, og det er store forandringar berre frå i går til i dag.



No er det komme nokre figurar her og der på gjerdet, og han er i ferd med å forma toppen på det. Han er i gang med siste finishen. Alt no ser vi at han kan vera godt fornøgd med sluttresultatet.

Eg har tatt nokre bilde og håpar at lesarane kan få inntrykk av enkelte detaljar ved å klikke på bilda slik at dei vert større.

Stokka reknar med å vera ferdig med arbeidet sitt i løpet av morgondagen.

Foto/tekst: Thor Inge Døssland

